



VANYLVEN KOMMUNE

Serviceorget

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep.

0030 Oslo

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2008/00216 - 32	Doknr.:
Mottatt: 15 APR 2008	
Saksbeh.: ASR/SEB	Ark.: 479
Kopi:	Avskr.:

Saksnr
2008/296

Løpenr/Arkiv
2200/2008 / V60

Dykkar ref.

Avd/Saksansvarleg Dato
SER / ARNATL 14.04.2008

MELDING OM VEDTAK


Høyringsuttale frå Vanylven kommune om endringar i odelslova, konsesjonslova og jordlova, og bu- og driveplikt knytt til dette lovverket.

Driftsutvalet handsama i møte den 10.04.08 – sak 26/08. Følgjande vedtak vart fatta:

Driftsutvalet sluttar seg til framlegget frå Landbruks- og matdepartementet om endringar i odelslova, konsesjonslova og jordlova.

Saksutgreiinga ligg ved til orientering.

Rett utskrift:
Vanylven kommune


Kåre Kvangarshes
Konsulent



VANYLVEN KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

<i>Saksnr:</i> 2008/296	<i>Arkiv:</i> V60	<i>Avd/Saksansv:</i> PLU/ARNATL
----------------------------	----------------------	------------------------------------

Utvaksaksnr 26/2008	Utval Driftsutvalet	Møtedato 10.04.2008
-------------------------------	-------------------------------	-------------------------------

Høyringsuttale frå Vanylven kommune om endringar i odelslova, konsesjonslova og jordlova, og bu- og driveplikt knytt til dette lovverket.

Tilråding:

Driftsutvalet sluttar seg til framlegget frå Landbruks- og matdepartementet om endringar i odelslova, konsesjonslova og jordlova.

Uprenta saksvedlegg:

Høyingsnotatet, eit 81-siders vedlegg, ligg på <http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/dok/Horinger.html?id=1994>

Samandrag av saka:

Saka var lausleg drøfta på førre møte i Driftsutvalet. Utvalet ville sette av tid til grundigare gjennomgang. Alle har nytte av refleksjonane det bær i seg å ha gjennomgått høyringsskrivet.

Dei føreslåtte endringane medfører ei vesentleg forenkling. Arealgrensene for når det er bu- og driveplikt på ein eigedom er samanfallande med kravet til odlingsjord. Omgrepet "dyrka jord" vert og likt med kravet til konsesjonsplikt. Det håplause skjønnsområdet om kva som er landbrukseigedom – dette med om ein fornuftig kjøpar vil erverve eigedomen til landbruksdrift – vert erstatta med ei konkret arealgrense. Varig driveplikt på lønsamt jordbruksareal har vi og i dag gjennom vanhevdsparagrafen i jordlova.

Skjønnsutøvinga etter det nye regelverket vil gå mest etter konsesjonslova av di dei som ikkje vil flytte til no lyt søkje konsesjon og få ei eventuell lempe på pliktene gjennom ei vurdering av konsesjonsvilkår. Diskusjon om når ein eigedom er "bebygd" vil opplagt skape vanskar i framtida. Om ein har late forfallet av bustadhuset gå langt nok, er det eit grunnlag for å hevde seg fri for buplikt.

I Vanylven har vi ikkje statistikk som går på omgrepet "dyrka jord". Grunnlaget er jordbruksareal, der også gjødsla beite er med. Lausleg vil eg likevel anslå at den føreslåtte grensa på 25 dekar dyrka jord vil medføre bortfall av odelsrett og buplikt på 35-40 % av landbrukseigedomane i kommunen. Konsesjonsplikt vil det vere på langt fleire om totalarealet framleis vert halde på 100 dekar.

Med vår store materielle velstand, og eit liberalt praktisert bu- og drivepliktsregelverk, er det fare for at attraktive landbrukseigedomar endar opp som fritidseigedomar. Ungdom som vil inn i næringa greier ikkje konkurransen. Eksakte arealgrenser og konsesjonsplikt for dei som ikkje ynskjer å bu på eigedomen dei kjøper burde innebære ei skjerping av buplikta på slike eigedomar. Om arealgrensa synes høg for ei småbrukskommune som Vanylven er det gjerne eit brukande kompromiss det forslaget som er framlagt?

Fiskåbygd, 01.04.2008

Einar Vik Arset
rådmann

Atle Arnesen
avdelingsleiar